



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Daniel Almhjell, 5557 2150

## Uttale - Plan for nydyrking - Alver 217/1 og 217/2

Vi viser til søknad om nydyrking av to areal på gbnr. 217/1 og 217/2 i Alver kommune. Det søkjast om å nydyrke eit areal på om lag 15 dekar og eit areal på om lag 5,5 dekar. Begge areala er registrert som anna markslag og grenser til kvarande. Vedlagt søknaden er det lagt ved avtale mellom eigarar og søkjar om løyve til nydyrking. Begge areala skal fulldyrkast og nyttast til grasproduksjon.

Ifølgje § 1 i forskrift om nydyrking skal nydyrking gjerast på ein måte som tar omsyn til natur- og kulturlandskap. Det skal leggst vekt på omsynet til miljøverdiar som biologisk mangfald, kulturminne og landskapsbilde. Det skal også leggst vekt på å sikre gode driftsmessige løysingar.

Kommunen skal etter § 5 i forskrifta også legge vekt på om det ut frå jordlova § 1 er ønskeleg å styrke driftsgrunnlaget på eigedomen, og om nydyrkingstiltaket legg til rette for driftsmessige gode løysingar. Statsforvaltaren skal i tråd med § 9 gjevast høve til å uttale seg der nydyrkinga kan ha innverknad på vesentlege miljøverdiar, jf. § 3 i forskrift om nydyrking.

Vi har ingen miljøfagleg kommentar til nydyrkingstiltaket.

Med helsing

Bjørn-Harald Haugsvær  
assisterande landbruksdirektør

Daniel Almhjell  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*